

Klipp frå årbøkene.

I årbøkene frå nittitalet er der mange interessante historier som fortener å bli henta fram att.

Sogenemnda har dei framleis i sal, med unntak av den for 1992. (Den ligg her på heimesida) Eg plukkar og frå gardssogene.

Her er nokre "smakebiter:

Jarnes- Ola

Der går mange historier om Jarnes-Ola. Ei av dei vart trykt i Sykkylvsbladet i 1961, skriven av ing. Jens Jarnes, då 75 år.

Ein båtlast med smørdallar var låst inne på pakkhuset til handelsmannen i Tusvik medan båtlaget overnatta på gjestgiveriet. Om morgonen var alle smørdallane vekk. Handelsmannen Lied meinte at det ikkje godt kunne vere andre enn Jarnes-Ola som hadde vore på ferde, og dei før til Jarnes. Det var tydeleg at båten til Ola hadde vore på sjøen nyleg, men Ola kunne vise fram våte liner han hadde drege om morgonen. Ved nærare gransking av båten hans fann dei noko av ei «spyte» som dei brukte på smørdallar, og då leitte dei vidare i utmarka. Ute i Storvika fann dei dallane under ein veddunge, men der var ein dall for lite. Den fann dei hjå ein av tenarane i Tusvika som hadde late pakkhuset, stå ulåst til Ola hadde forsynt seg.

Ein gong hadde Jarnes-Ola fått tak i noko malm, truleg frå Røros. No ville han prøve å få folk til å tru at han hadde gjort eit malmsfunn på Jarnes. Han laga seg ein skjerpingsstad ved Storhaugen i utmarka, ein stad som framleis kan påvisast. Så sende han prøver av malmen til Tyskland med spørsmål om den var drivverdig. Det visste han sjølvsagt at den var. Svaret frå Tyskland kom, og Ola lét postmannen lese det for seg. På den måten visste han at ryktet spreidde seg. Og slik gjekk det. Han fekk låne så mykje pengar i banken til å starte drifta med, at banken kom i vanskar då det heile synte seg å vere ein bløff.

Jarnes-Ola måtte sjølvsagt stå til rette for bløffen. Han flytte til Ålesund og vart buande der sidan. Dreiv ei tid som slaktar. (Klipp frå Gardessoga III)

Hans Jørgen Fauske f. 7. aug. 1847 d. 11/12 1947, fortel:

Eg hugsar godt den første dampbåten som kom til Aure, den heitte "Søndmør." Det var ein hjulbåt, og han var nokså lik systerbåten som heitte Romsdal, som ogso var hjulbåt.

Ein fin haustdag, eg trur det var i 1855, kom Søndmør" inn over Auredjupet. Han var ikkje svært stor, men han gjekk utan segl eller årar. Eit stort skovehjul skvalpa og gjekk på kvar side av båten og dreiv han fram. Unge og gamle kom ut på tunet for å "bisne" på vedunderet. Han vart liggande ei lita stund ved Aure, der ein småbåt rodde ut mot honom og tok mot varer - og kanskje folk? (Det var ikkje kai på Aure på den tia). Ei stund etter for båten ut over djupet att, same vegen han var komen. Det var første gongen det kom dampbåt til Aure.

"Robert" og "Laksen" var tvo små dampbåtar som også gjekk mange turar til Aure, men det var noko lite seinare.

Vassflø på Fauske

Ørsnes og Fauske hadde slåttestykke på Vass-sætra. Om morgonen den 6 august gjekk Ørsnes-Ane og Fauske-Berte opp på sætra og skulle terre høy. Det var klårver og strålende sol. - Då dei vel var oppkomne, vart dei var ein liten skydott som tok seg opp innover Vatnebygda. Denne dotten vaks seg større alt for fort, Dei hadde tenkt å snu høyet som låg flatt på,, setervollen, men vart snart samde om at det var best å sæte det. Dei tok fatt, men hadde sætt berre 5-6 såter, då vart himmelen grå. Skydotten dei hadde sett, hadde brått vakse til ei stor mørk sky som kom drivande sørover. Med eitt hylja regn. ned, og dei sprang inn i eit sel det fortaste dei vann.

Slikt regn hadde dei aldri sett. Det var ikkje dropar, -nei, det rann i strie straumar, så det fløynde over alle marker. Dei vart på sætra til det verste var over, då tok dei på heimveg, men det var eit fælslegt syn dei fekk sjå: Fauske-elva hadde fløynt over alle stader og fossa no svart grå og fæl ut i fjorden. Av dei 10 kvernhusa som stod langs elva, hadde ho teke 2 på sjøen. Same vegen hadde det gått med Pott-oske-fabrikken eit stort hus som stod ved elveosen. Det var brørne Lars og Bastian Fauske som åtte og dreiv denne fabrikken, der dei brende pott-oske.

Nå låg huse sundbrote og flaut utfor stranda. Likeeins dei tvo kvern-husa som elva tok. Elva hadde teke seg nytt far og skylt på sjøen ei masse matjord, så sjøen var brun utfor elveosen.

20 mann frå Hundeidvik kom ein dag seinare og hjelpte til med opprydningsarbeidet, og eigarane arbeidde i lang tid, før dei fekk bøte skaden. Skybrotet rakk berre midt fjords. Både på Aure og Jarnes stod karane og slo i skjortermene med alt dette stod på. Dei såg den svære skypumpa og høyrde brakket, men kjende ikkje ein regndrope. Fauskekyrne var i Løsetdalen den dagen, og der var det ogso berre godver.

(Frå manuskripter til Ola Tandstad.)



Jostein Drabløs er fødd i 1925. Han bur på Barbrogarden på Dravlaus i Velledalen. Jostein har mellom mykje anna vore lærar, undervisningsinspektør og rektor ved Sykkylven ungdomsskule. Her fortel han om ein biltur frå Sykkylven til Stranda før vegen var heilt ferdig.

Villmannsferd over fjellet i 1936

Av JOSTEIN DRABLØS

Riksvegen mellom Sykkylven og Stranda var under arbeid midt i 30-åra. I 1936 låg framleis nokre hundre meter av fjellovergangen som villmark. Bygdefolket såg fram til den dagen nyvegen kunne takast i bruk.

På ettervinteren det året prøvde nokre ungdomar på Stranda å ta seg over fjellet med ein Ford lastebil. Vegen var berr fyrste stykket. Då karane nærma seg setrane, bala dei lenge i djupsnøen. Bilen ville ikkje samarbeide. Til slutt måtte dei gje opp og ta seg ned att til Sløgstad.

Godveret heldt fram. Dei klåre nettene på seinvinteren var så kalde at snøen beinfraus. Skareføret kveikte eventyrlysta. Her i bygda vart den mislukka turen til strandarane samtaleemne næraste dagane. No var tida komen. Det galdt å vere fyrstemann med bil over fjellet.

I 1977 vitja eg Oskar Hole på Brøvoll. Oskar var då 81 år. Til stades var og pensjonert distriktsdyrlege Karl Røyr som nett hadde doktert ein okse på garden. Eg hadde bandopptakaren for handa. Karane mintest opp att den fyrste bilturen over fjellet til Stranda i 1936.

Karl Røyr: Hugsar du, Oskar, då vi køyrde over fjellet til Stranda?

Oskar Hole: Jadå. Du og Ludvik Hole og Edvard Otterstrøm kom fram i dalen og nærast kravde at eg skulle køyre. Den gongen hadde eg ein 1929-modell Chevrolet lastebil som hadde akkurat høvelege gir for denne turen. Bilen var den sterkaste, og han var ein kløppar i snøen.

Harald Hjorthol, f. 1911, var med på turen. Harald kan fortelje at lastebilen til Oskar hadde eit ekstra krabbegir framover. Den tida var det vanleg med tre gir.

Karl: Eg minnest at det var ein søndag føremiddag. Det var som ein konkurranse mellom Stranda og Sykkylven. Så vidt eg veit, var vegen ferdigbygd opp åt Fursetsetra på Stranda-sida og mest heilt opp åt Svartevatnet.

Oskar: Veglina var dekt av eit tjukt snølag oppe i høgda. Største vansken var å passere Kleiva ved Svartevatnet. Hardebreen halla sterkt ned mot vatnet Så langt hadde lastebilen greidd seg godt på den harde snøskorpa. Rundt hammaren laut hjelpeskarane ta i bruk spadene og grave ut øvste hjulfaret. Vi slo tau på bilen, og dei råsterke karane heldt doningen i faret. Dei sparka seg fotfeste i snøen og stramma til. Det måtte ikkje skje at bilen rausa ned på vassisen. Han Otterstrøm laut meinhalde kløtsjen. Slik sleit vi oss forbi hammaren.

- På isflata reika Gamle-Solbergen att og fram og såg til at alt gjekk som det skulle, fortel Sigmund

Nakkeberg, f. 1917. Gubben hadde vore gullgravar- pioner i Alaska og kjende vel noko av Klondikefeberen i skrotten.

Karl: Etter Svartehammaren var bytet mot Stranda passert. 13 mann ropa hurra så det ljoma mellom fjella. Vi hadde greidd det verste stykket. Berre barnematen stod att.

Oskar: Ja. no hadde vi vunne denne kappestriden. sidu. Og sa barst det nedover på Stranda-sida. Du skjønar, bilen tok seg fram allstad på vintervegane berte eg hadde kjettingane på. Her flaut lastebilen fint nedover på hardebreen. Eit langt stykke fylgde vi det frosne elvefaret.

Karl: Eg hugsar og at vi hadde med plankar til hjelp dersom bilen skulle køyre seg fast. Vi braut heilt ned to gonger. Men bilen fekk vi lett opp att.

- Nedom Fursetsetra hadde snøen blotna i solsteiken. Difor laut vi hjelpe til å sku bilen nedover til vi nådde veggusen, fortel Sigmund Nakkeberg.

Karl: Du skjønar, heile turen var meint som ein sportsprestasjon. Det var fredeleg kappestrid mellom strandarar og sykkylvingar veit du.

Oskar: Strandarane som prøvde seg helga føreåt, laut gje opp fordi Forden deira hadde for høge gir, sidu.

Karl: Og då vi kom ned til Stranda sentrum, vart vi godt mottekne av hotelleigar Drege. Han varta oppmed mat og kaffi til alle karane.

Oskar: Noko seinare klappa fjordabåten til Strandakaia på rur utover. Erik Jarl gjekk ruta. Eg sa til kapteinen at eg skulle gje han 13 passasjerar dersom han ville ta lastebilen gratis ut til Aurekaia. Eg ville biskonste de ikkje betale frakta. Då ville eg heller ta same faret heim att over fjellet, sa eg. Kapteinen berre vippa åt meg. Han vinsja opp bilen og sette han tvers over luka. Og alle karane gjekk om bord i gamle-damparen Erik Jarl. Då vi kom til Aure, var folk så forbisna på kva som der kom: ein lastebil, 13 mann og bikkja til dyrlegen, sidu.

Karl: Eg praktiserte i Sykkylven den tida og budde i sentrum, i huset til postmeister Grebstad. Huset strauk med under den store brannen i 1939.

Oskar: Det gjekk godt med moro turen vår over fjellet i 1936. Men då eg ein gong skulle krongle meg over den gamle og smale steinbrua over Straumen med ein flokk ungdomar på lastekassa, brotna ei steinhelle mellom brukara. Eg gav full gass, sidu, og bilen bykste frampå. Det var på hekta han ville enderøyse ned i fossen. Eg var nær ei stygg ulukke den gongen. Noko etter vart arbeidet med nyebraua sett i gang.

Desse var med på den fyrste bilturen over fjellet i 1936: Oskar Hole (lastebileigar), Karl Røyr. Edvard Otterstrøm. Ludvik Hole. Ottar Hole, Sverre Lade. Andreas Solberg (Gamle-Solbergen), Arne Solberg. Hjalmar Lade. Arne Lade. Peder Holmberg. Harald Hjorthol og Sigmund Nakkeberg er einaste attlevande.



Karl Johan Røyr (1902-1984) Karl Johan Røyr vart fødd på garden Røyr i Stranda. Han tok mellomskulen og eksamen artium i Volda. Reiste til Tyskland (Berlin/Hannover) i 1922 for å studere til dyrlege. Røyr dreiv privat praksis i Sykkylven frå 1928 til 1939, I denne tida arbeidde han og på kjøtkontrollen i Ålesund. Frå 1939 hadde Røyr stilling som distriktsveterinær i Midtre Sunnmøre, fyrst med bustad på Skodje og seinare Sjøholt til han gjekk av etter oppnådd aldersgrense i 1970. Karl Røyr hadde funne seg kone i Sykkylven, Jenny (f. Grebstad), og dei gifte seg i 1933. I 1970 bygde dei nytt hus i Nakkegata. Frå no av til han døydde i 1984 dreiv han privat praksis. Ringen var slutta. Han begynte sitt virke og slutta sitt virke her i bygda. Biletet er frå 30-åra.



*Oskar Hole f (1896-1990). Oskar Hole var frå Jørngarden på Hole. Etter to opphald i Amerika gifta han seg med Anna Lovise Brudevoll i Jo-garden. der han var brukar frå 1931. Oskar kjøpte lastebil i 1927. I 1929 bytte han denne med ein sterkare lastebil, ein 29-modell Chevrolet. Denne vart brukt over fjellet i 1936. Fotografiet er frå 1985 då Oskar som 89-åring fornya sertifikatet for siste gong.
-No kjem eg ikkje att fleire gonger, sa Oskar.
-Å, vi ser deg nok att neste år. Hole.
Men då var det slutt på bilkøyninga for 90-åringen.*

(OCR scanning frå årbok for 1997 av Per Arne Aursnes)

Synske-Karl på Tandstad

Av Oddbjørn Myklebust



Karl Johan Jenssen Tandstad (1869-1951). Gardbrukar og bygningsmann, (Foto: Gullik Norheim)

Det er på slutten av førtitalet. På hotellet i Sykkylven er det stort oppstyr. Ein amerikansk turist er mildt sagt svært oppøst, og han let irritasjonen sin gå utover hotelleiinga og dei tilsette. Turisten kan ikkje finne bilnøkkelen, og han er overtydd om at ein eller annan på hotellet har stole han. Den stakkars hotelleigaren veit ikkje si arme råd - rommet til amerikanaren er snudd opp-ned, gardsplassen er raka, men ingen har funne nøkkelen. Det gjer ikkje stoda betre at turisten har det svært travelt. Han må vere attende i Oslo til ei avtalt tid.

Då får hotelleigaren ein ide. Inne på Tandstad bur Jakob-Karl, vide kjend for dei synske evnene sine. Verten skundar seg til telefonen og forklarar situasjonen, Karl seier: - Du, denne amerikanaren din står med bilnøkkelen på magen.

Stor er undringa då det syner seg at nøkkelen har falle gjennom foret i vestelomma og ligg heilt nede i kanten av vesten. Då episoden kom i "Sunnmørsposten" drog folk på smilebandet. Avisa kunne elles fortelje at Karl Tandstad fekk ein pen sjekk for umaken. Amerikanaren var velhalden.

Landskjend

Kven var denne Karl Tandstad - mellom bygdefolket berre kalla Jakob-Karl ?

Jens og Karoline Tandstad bygsla eit bruk på Tandstad. Bruket vert kalla Jakob-garden, Jens og Karoline fekk ti born, fire gutar og seks jenter. I 1905 overtok odelsguten, Karl Johan Jensen Tandstad. farsgarden. Karl skulle komme til ågjere denne garden sa kjend over store deler av landet - og til dels også utanlands - at postadresse var unaudsynleg. Utan meir på konvolutten enn "Den synske på Sunnmøre", "Vis-Knut". "Tandstad-Profeten", eller andre namn som hadde ei viss tilknytning til det å vere synsk, kom breva fram, utan å bli særleg seinka av den grunn. *

Ein snill og ærleg mann

Karl Johan Jensen Tandstad var fødd 10. februar 1869. Han hadde tenkt å bli målar, men ombestemte seg, og vart tømmermann i staden. Han gifta seg med Lovise Drabløs, og dei fekk tre barn; Olga, Karoline og Jens. Karl Tandstad døde 18.januar 1951. Kona. ho Lovise, som blei tett på 100 år, døydde 27. februar 1987.

Karl Tandstad var kjend for å vere ærleg og snill både med folk og fe. Kunne han gjere eit medmenneske ei teneste, var det aldri nei i hans munn. Men skulle det slaktast på garden, orka ikkje Karl å vere heime. Mor hans var sikker på at den synske evna hadde han fått av Gud nettopp avdi han var så uvanleg god både mot menneske og dyr.

Redaktør Anders Skeidsvoll skriv dette om han i ein lenger omtale i "Gula Tidend" like før jul i 1951: "Karl Tandstad var i bygda, og vidare, kjend for å vere ein særskild vensam og hjelpsam mann. Dette var vanleg å høyre då eg vitja Sykkylven i sumar. Det gode minnet etter han er sær s levande. "Det var her oppe Tandstad budde", sa eg til ein vegvaktar. "Ja", sa han, utan å reise seg heilt opp;"Det var ein snill mann!". Dette tok seg oppatt med alle når eg nemnde namnet til Karl på bygda "

Det er utenkjeleg at Tandstad for med fusk og fanteri. Ærlegdomen hans er heva over ein kvar tvil. Det vil i grunnen vere minst like utenkeleg at fusk kunne gje dei resultatata Karl oppnådde med den spesielle evna si.

Då Karl Tandstad var tjue år, opplevde han for fyrste gong at han hadde ei uvanleg evne. Karl skulle hjelpe ein granne med å finne ei ku som var blitt borte. Karl fortalde om dette til "Sunnmørsposten" i eit intervju, 30.januar 1937;

- Eg vart trøytt og la meg for å kvile. Så ser eg kua for mitt indre auge. Eg skunda meg opp, og fann verkeleg kua der eg hadde "sett" ho. Men eg la ikkje særleg vekt på det. Og det var nok lenge eg sjølv ikkje trudde på dette "å sjå". Men sidan vart eg nok nøydd å bøye meg for kjensgjerningane. Det viste seg nemleg gong på gong at eg såg ting som var bortkomne. Det er då nok av dei som fordømmer det som noko unaturleg, eller som overtru frå middelalderen. Men for meg har dette blitt den naturlegaste ting i verda. "

Trolldom

Ikkje dess mindre veit eg at Karl gjekk svært stille i dørene den fyrste tida etter at han haddde oppdaga dei synske evnene sine. Han visste ikkje kva andre ville seie - han hadde fått ei gåve som ikkje mange andre hadde fått. og var redd for at spekulasjonane frå tvilarane ville kome. Karl Tandstad fekk rett. Da denne underlege evna hans vart kjend, kom også misunninga og mistenksomheita for ein dag. Redsla for det ukjende, det som ikkje kunne forklårast, var truleg og ein faktor. Mange meinte at synskheit var trolldom, andre var sikre på at Tandstad hadde samband med den vonde, og atter andre var overtydde om at dette hadde han lært etter å ha studert "Svarteboka". Nokre meinte han var spiritist. Spiritismen hadde rett nok fått ei viss utbreiing på Nord-Vestlandet kring århundreskiftet og tidleg på 1900-talet. men denne rørsle - om ein kan nytte ei slikt uttrykk - tok dei aller fleste sterk avstand frå. På dette feltet var gamle kjensler i sving. For spiritismen rokka ved god, gammal kristendom.

Då Karl fekk høyre om desse ulike teoriane som verserte på bygda, vart han både skuffa og såra. Han hadde si sterke gudstru, og ville aldri ha brukt dei synske evnene sine, dersom han hadde meint at der stod vonde krefter bak.

Ettersom tida gjekk, og folk fekk sjå kva denne liketille og truverdige mannen kunne utrette, vart mykje av skepsisen borte. Han fekk også god hjelp av pressa her.

Journalisten Jørgen Gjerding vitja Karl Tandstad, og kunne etter besøket slå fast:

- Det er ikke noe spesielt ved Karl Tandstad !

Sunnmørsdiktaren Henrik Straumsheim, sambygding av Karl, skreiv i eit intervju med den synske:

- Når ein ser Karl landstad, får ein slett ikkje noka kjensle av mystikk. Ein får ei kjensle av at han er ærleg og truverdig tvert igjennom. Fusk og fanteri ligg så langt borte frå han!

Og Straumsheim skriv vidare:

- Menneskesjela har truleg - på same måten som frøet - i seg evner som vi kjenner lite til.

Begge desse journalistane poengterer at det ikkje var noko mystisk ved Tandstad. Men dette fortel oss noko om den haldninga mange menneske hadde til synskheit på denne tida, ikkje minst når dei fekk den så nært innpå livet. Vi får ikkje la kritikken bli for hard overfor desse, når vi i ettertid kan riste på hovudet og vere betrevitarar. Folk klamrar seg til det kjende, og vert usikre overfor det ukjende. Det er vel i og for seg ingen unaturleg reaksjon i dag heller.

Bukkane i fjellhylla

Eg tek med ei soge frå tidleg på 1920-talet. Karl fekk ein telefon frå Nordfjord om han kunne finne tre bukkar som var blitt borte. All leiting hadde så langt vore utan resultat.

I lange perioder gjekk ikkje Karl til telefonen, for han hadde ikkje sjølv apparat på den tida, og det ville ta for mykje tid. Denne gongen gjorde han eit unntak, og han svarar

- Dei tre bukkane står inne i ei fjellhole, berre få meter frå der de alt har leita.

Folk drog etter dette av garde på nytt, og då dei kom til fjellhola, stod ein bukk like ved inngangen. Men dei to andre var ikkje å sjå.

Så var det å ringe til Karl på nytt. Men denne gongen vert han litt irritert- og svarar:

Når eg har sagt at bukkane er i fjellhola, så lyt de tru det Dei er inst inne i hola, om lag tre meter inne i fjellet! Og inst inne i hola, heilt opp til veggen, vart dei to bukkane funne. Olaf Blindheim skreiv ned denne hendinga. Historia om dei tre bukkane vart omtala i lokalavisene, og førde til at arbeidsmengda for Karl auka mykje.

Roald Amundsen og Karl Tandstad

Så kom 1925 og nordpolflyginga til Roald Amundsen. Dermed for namnet til Karl Tandstad over heile landet. I dei niogtjue dagane Amundsen var borte, og folk flest heldt pusten av spenning, vart det eit svare renn av journalistar og privatpersonar hjå Tandstad. Han og kona tok gjestmildt imot. Einskilde dagar minte huset deira meir om eit pensjonat enn ein vanleg heim. Ofte måtte dei la folk som kom langveges frå, få overnatte. Men Lovise tok det meste med eit smil. Brev og munnlege spørsmål tok ikkje slutt, og Karl svara så mykje han kunne. Han beundra sjølv Amundsen, og var spent på korleis del gjekk med han. Olav Blindheim har skrivne det eg no refererer

Denne sommaren bygde Tandstad hus for grannen sin. Brått ein dag sa han så høgt at alle arbeidskarane høyrde det:

- Uff, der datt han !

- Kven datt? spurde dei andre. Den synske svara ikkje. Han støtta seg på økseskaftet, og så såg han ned i bakken.

- Å, der blei han berga, sette han like brått i, høgt og tydeleg. No fortalde han at han hadde "sett" ein av mennene til Amundsen falle ned i ei råk, men at denne mannen vart berga av ein kamerat. Mannen Tandstad bygde for. skreiv ned dag og time da dette hende, og det vart seinare slått fast - så nøyaktig det let seg gjere - at nett slik hadde det gått til oppe i isen på det tidspunktet.

Seinare sa Tandstad ved eit høve:

- Denne gongen kjem Amundsen att, men det gjer han ikkje neste gong!

Endå travlegare skulle det bli for den synske Karl Tandstad tre år seinare, i 1928, då Amundsen på nytt sette kursen nordover, denne gongen på leiting etter general Nobile. Denne sommaren fekk han og dottera, Olga, som og var synsk, over tusen brev med spørsmål om korleis det gjekk med Amundsen. Og garden såg til tider ut som ein pilgrimstad, som ein av grannane uttrykte det.

Fredag 13. juli var siste gongen Karl "såg" Amundsen. Han sa at det var meir enn synd at Amundsen hadde lagt i veg denne gongen. Sa sikker var den synske på at Amundsen hadde omkome, at då Veslekari-ekspedisjonen ville ha han med for å rettleie dei i leitarbeidet, sa Karl nei.

- Denne leiteekspedisjonen er til inga nytte, sa Karl, det er ikkje von om å finne nokon av dei i live.

Skeptikaren

Karl og Lovise var fleire ganger på besøk heime hjå foreldra mine på Vågstranda. Mor mi fortel om eit par hendingar frå desse vitjingane:

Den kloke mannen i bygda - tidlegare ordførar og med ein viss militær utdanning bak seg - hadde fått greie på at den synske Karl Tandstad skulle komme på besøk til foreldra mine.

P.A.. som denne respekterte mannen vert kalla på folkemunne, likte å fylgje med i det som skjedde i den vesle bygda, og han gjorde seg snart ærend for å treffe Tandstad. Då han hadde helst på den synske, og prata litt om laust og fast, seier brått Karl:

- Du trur ikkje på evnene mine, du!

- Nei, svara gjesten.- det gjer eg ikkje.

- Eg ser du har ein gard, heldt Karl fram,- med raud låve og kvirmåla våningshus.
- Jau. det er rett nok, men det beviser ingen ting, heldt P.A. fram. Karl overhørde det siste, og heldt fram:
- Det er mørkt i kjøkkenet ditt, for det er ein bratt bakke ovanfor huset. Denne tek mykje av lyset frå kjøkkenet. Midt på golvet ser eg kona di, ho sit i ein stol og arbeider med eitt eller anna. Inne i stova står skrivebordet ditt...

Lenger kom han ikkje - den kloke bygdamannen hadde høyrte meir enn han lika - han takka for seg - og gjekk. Men historia er ikkje slutt med dette. To dagar seinare dukka mannen opp på nytt - denne gongen med eit konkret spørsmål til Karl Tandstad.

- For eit par år sidan mista eg ei ny vindjakke, kanskje du kan fortelje meg kvar ho er?
- Den jakka, svarta Karl - lånte du bort til ein som hjelpte deg i slåttan. Nett no heng ho i eit bislag på ein gard ikkje så svært langt unna.
- Der har vi det, sa P.A. Han takka for opplysninga og gjekk strake vegen dit han meinte jakka måtte vere.

Dagen etter stakk han så vidt hovudet inn gjennom kjøkkendøra til mor og sa at jammen hadde den synske rett! I kva grad den høgt respekterte P.A. hadde blitt overttydd om dei synske evnene til Karl, skal vere usagt, men han fortalde i alle høve villig om hendinga til andre i bygda.

Flyttespådøm

Foreldra mine var komne til Vågstranda tolv-femten år tidlegare. Og dei trudde dei ville slå seg til der for godt. Likevel Spurde mor mi Tandstad då han no likevel var i huset - om han kunne sjå om dei kom til å flytte nokon gong.

- Tja, svarta Karl, de kjem til å flytte om nokre år.

De kjem til å bu i eit stort kvitmåla hus med kvitt stakittgjerde rundt. Huset har ark både oppover og nedover (her peika han for å vise kva han meinte), og frå huset kan de sjå eit vatn og ei kyrkje.

Mor viste ikkje rett kva ho skulle tru, men da dei flytta til Vestre-Toten vel tjue år seinare, og flyttebilen svinga inn porten framføre eit kvitt hus med eit kvitt stakittgjerde, og med ark oppover og nedover, sa mor, som no med eitt hugsas det Karl hadde sagt

- Akkurat som Karl-morbror sa heime hjå oss på Vågstranda!

Eg var sjølv med flyttelasset, og kan berre legge til at resten stemte og - både vatnet og kyrkja.

Moro på byggeplassen

Både Karl og kona hadde eit lyst sinn. Smilet var aldri langt unna. sjølv om det kunne vere trange tider med svært vekslende inntekter, og lange, travle dagar. Gardsbruket hadde same storleiken som mange andre gardsbruk på Vestlandet; det var korkje til å leve eller døy av. Karl var utlært bygningsmann, og i perioder reiste han og nokre til rundt på Sunnmøre og i Gudbrandsdalen og bygde hus. På byggeplassane hadde dei stor moro av å gøyme verktøyet for kvarandre - ein spøk alle måtte finne seg i. Men det var ikkje noko moro i å gøyme verktøyet til Jakob Karl. for han fann det att same kvar det var gøymt. Kona hans, ho Lovise, som eg møtte mange gonger fram til ho døyde, fortalde meg fleire hendingar frå denne tida.

- Ein gong fortalde ho, hadde arbeidskameratane hans avtalt å komme på arbeid i god tid før Karl. Så fann dei den mest utspekulerte gøymestaden til hammaren og saga hans. Dei tok så til å arbeide like før han kom. Karl gjekk ikkje dit han hadde lagt verktøyet kvelden før, men han gjekk rett til den plassen der verktøyet var gøymt, og byrja arbeidet utan å seie eit ord. Slike hendingar vert det naturleg nok ikkje halde stilt med, og ordet gjekk om mannen med den uvanlege evna.

- Pass kua di

Karl kunne også seie kvifor folk oppsøkte han. Bernt Tandstad - eller "Øggards-Bernt", som var lensmann i Sykkylven i mange år - var nær granne til Karl Tandstad. Dei kjende kvarandre godt. Bernt fortalde meg dette.

- Ein bonde frå bygda hadde mista ei ku, og etter mykje leiting måtte han gi opp. Dermed blei det å gå til Jakob-Karl. Bonden hadde ikkje før opna stovedøra på Tandstad, før Karl ser på han og seien - Har du mist kyra di igjen, no då. Og det er den same som den eg fann att for deg i fjor sommar, ser eg. Bonden måtte innrømme at slik var det, og han fekk også denne gongen grei bekjed om kvar han kunne finne kyra.

- Du får passe betre på kyra di framover, humra Karl frå skrivebordsstolen.

Krølltanga

Kåre Lid var dreng hjå Bernt Tandstad, grannen til Karl. Kåre fortalde meg denne saga: På Øggarden var der ei tenestetaus. Ho hadde ei krølltang som var flittig i bruk når helga nærma seg. Brørne til Bernt fekk Kåre til å gøyme denne tanga. Og det var berre Kåre som visste kvar tanga var. Han hadde teke den med på løa og stukke ho inn i ein høydott bak kverna som dei brukte til å male revemat med.

- Det blei eit helsikes liv, fortalde Kåre Lid.

Tenestetausa forstod at nokon hadde gjort henne ei prete. Nokre dagar seinare skulle Kåre og jenta køyre eit lass på sætra. Jakob-Karl hadde spurt om han kunne få sende med ein sekk. Det skulle det sjølv sagt bli ei råd med. Då dei kom forbi Jakobsgarden, stod Karl ved vegen med sekken.

-Skal eg spå deg. Åsta, spør Karl.

-Nei, det interesserer meg ikkje, svarte tenestejenta. Men er du so svær ein kar som folk seier, kan du finne att krølltanga mi! Ho skildra krølltanga, og fortalde i sterke ordelag kva ho hadde tenkt å gjere med den som hadde teke henne.

-Dersom du lover meg at du ikkje vert sint på den som gjorde det, skal eg fortelje deg kvar tanga er, sa Karl. Tak og høyr med han Kåre her. om du får vere med han bort i løa når han skal male mat til revane, du, sa Karl, med eit lurt smil.

Jenta snudde på flekken og sprang tilbake til løa, og der fann ho tanga der Jakob hadde sagt Og krølltanga vart med på sætra.

Lommeboka

Knut A. Romuld - ein kollega av meg på Kleive, ei bygd nokre mil frå Molde, fortalde meg denne hendinga:

- Det var under krigen, på ein dans i bygda, al ein av festlyden utpå kvelden oppdaga at lommeboka med ein stor pengesum i, var blitt borte. Då lommeboka ikkje kom til rettes sjølv etter mykje leiting, ringde eigaren til Karl Tandstad.

Han fekk derte svaret:

- Lommeboka er pakka inn i eitt eller anna, og er stukken oppunder golvet på eit hus i ein kjellar. Det er lett å komme under der.

Han kom og med fleire detaljar, men desse er gått i gløyme boka. Nok om det. Mannen skjønna kva hus det var - det var nemleg berre eitt hus i bygda som høvde med skildringa, og det var ungdomshuset der dansen hadde vore. Og ganske rett der fann han lommeboka stukken opp under golvet. Ho var pakka inn i brunt papir!

Ryggsekken Eg har fleire personlege opplevingar med Karl Tandstad og dei synske evnene hans. Eg får ta med ei:

I 1949 gjekk eg siste året på realskulen. Etter å ha vore heime ei helg, skulle eg ta bussen attende til skulen om Søndagskvelden. I ryggsekken min hadde eg så godt som alle skulebøkene mine - det var ikkje snakk om å ha leksefri på måndagar den gongen - og dei kleda eg skulle bruke dei neste fjorten dagane. Med andre ord - det meste av mitt jordiske gods var trygt plassert i ryggsekken. Då eg kom vel attende til skulen, og sjåføren skulle finne sekken min i bagasjerommet, var der ingen sekk som var min.

- Då må eg ha lagt sekken over i den bussen vi korresponderte med eit par haldeplassar lenger oppe. Eg tenkjer sjåføren

på den bussen tek sekken med til rutebilstasjonen i Ålesund når han ikkje finn eigar til han. Ring stasjonen i morgon tidleg,

så har dei nok funne ryggsekken din, trøysta sjåføren meg.

Tidleg neste morgon svara rutebilstasjonen meg at ingen sekk var innkomen der. Eg ringte så heim, og der lekk eg eit trøystande svar:

- Ja, då får eg ringe Karl-morbror! Eg ringer deg snart opp att. Det gjekk ikkje mange minutta så var mor på tråden att:

- Karl-morbror seier at ein av passasjerane som gjekk av eit par haldeplassar før deg, tok sekken din. Han meinte ikkje å stele han, og du får han snart attende med alt innhaldet på plass.

Onsdag før middag - midt i ein matematikktime med rektor - kom det bod om at eg snarast måtte kontakte rutebilstasjonen i Ålesund. Om eg var aldri så spent, måtte eg fint vente til skuledagen var over før eg kunne etterleve ordren.

- Vi har fått inn ein ryggsekk med namnet ditt på. Ein passasjer på same bussen tok feil i farten da han skulle skifte buss

eit par haldeplassar før du gjekk av. Vi sender sekken innover med fem-bussen!

Glad var eg, og då sekken kom, var det fort gjort å konstatere at alt innhaldet var på plass.

Ekteskapsspådom

Ei av tantene mine. Lovise Wiik, fortel dette om Karl:
- Karl-morbror og eg var saman i eit bryllaup. Brått spør han meg om eg skal gifte meg snart. Nei. det hadde eg slettes ikkje tenkt.

• Du kjem til å bli gift med ein enkemann, du, sa Karl.

Eg vart nesten fornærma på morbror. Skulle eg gifte meg, skulle det i alle høve ikkje bli med ein enkemann!

Det gjekk nokre år, og ein gong vi var saman på nytt- det var endå til i februar månad i byrjinga av krigen, sa Karl med eitt:

- No har den du kjem til å gifte deg med, det vondt!

Meir sa han ikkje. Men eg bestemte meg for a hugse det han hadde sagt. Fire år seinare møtte eg mannen eg skulle komme til å gifte meg med. Han fortalde meg at han hadde mist kona i barselseng, i februar fire år for. Korkje Karl eller tante kjende mannen frå før. Dette er truleg den mest forunderlege soga eg kjenner om Kari Tandstad.

(OCR scanning frå årbok av Per Arne Aursnes)

Då han Samond-Jens kjøpte seg ny hest

Han Samond-Jens hadde vore av stad og kjøpt seg ein hest. Det var ein svær best, kraftig og stor. Men då han skulle til å bruke hesten, syntet seg at han ikkje ville gå attover. Han visste ikkje si arme råd med hesten. Men så kom det fyre Jens, at han skulle ta seg ein tur bort til han Peter Severin, for han var kjent som ein redig hestekar. Ja, Jens kom no bort til han Peter Severin og fortalde si naud: "No forstend eg ikkje kor eg skal gjere det!" Peter Severin lo godt og sa; "Nei, der er ikkje noko medisn å få for slikt, men gå bort att etter hesten din du Jens, så skal eg sjå kva eg kan gjere. Du kan sette han føre ei skeissekiste og kome." Ja, Jensen var ikkje sein om å gjere som han Peter Severin sa.

Då Jens kom med hesten, tok Peter Severin over kommando, og sa; Less full skeisså med stein! Jens: - Med stein? Peter: - Ja, med stein seier eg. Jens: - Er det nok no?

Peter: Ja. Og no kan du køyre oppover løtropa vår. (Ho var bratt) Jens: - Køyre oppover? Det er så tungt! Peter: - Køyr høgare opp gut! (Han var nokså streng) Jens: - No greier han ikkje meir!

Peter: Lat han stå der! (Hesten stod lenge slik, men til slutt steig han eit steg bakover og så eitt til.

Jens: Piska de' gut! Der steig han eit steig bakover! (Slik heldt hesten på til han var komen ned på flat veg)

Peter: - Køyr hesten oppatt ein gong til og endå ein gong.

Då såg det ut til at hesten kunne sine ting. Jens vart storglad og takka Peter Severin for arbeidet. Hesten vart den beste som Jens hadde brukt.

(Klipp frå Årbok 1993)

Smørjing av trebåtar

av Per Blakstad

Per Blakstad heldt dette foredraget på eit båtstemne på Sunnmøte Museum. Innhaldet er attgjeve av Sveinung Vemøy i bladet "Syft og Skaut" jula 1991.

Skal ein snakke om båtsmørjing før og no, so må ein legge mest vekt på fortida. Eg vil tilbake til den tida di båten vart smurt og åkeren sådd "i Guds Namn med Hensyntagen til Månen, Flo og Fjøre..". Men eg skal ikkje trøyte dykk med tida heilt tilbake til Noahs ark - for det kan de lese om sjølve.

Eg har restaurert ein del gamle båtar, og når eg brende dei gamle borda, så lukta det tran. Borda var meinseige på gamle båtar, så eg byrja å studere på kva dei var smurde med. Det var no i alle fall tjøre,

men kva anna? Jau, eg kom i snakk med ein gammal kar som hadde vore med bestefar sin og smurt båt i gutedagane.

Fyrst må du ha lever, sa han, og då lyt du ut og fiske. I den tida tok dei vare på kvar ein leverbit, slengde den ikkje på sjøen eller i fjøresteinane slik ein oftast gjer no. Når levra var samla over ein vintersesong, og hadde stått nokre månader til våren, var det ei lys brun væske øvst i stampen. Dette kalla dei "lyse". Det som var att på botnen kalla dei "kørje", og dette smurde dei lunnane med. Kjerringane var ofseleg galne når ungane glei og fekk kørje på baken, og sette seg i godstolen når dei kom i hus.. Lyse er ikkje snøytt det same som tran, for ho er kokt, så det nyttar ikkje å lure seg til å kjøpe medisintran...



(Teikning: Jan Gunnar Nygard)

Ja, så må ein ha tjøre. Det må finnast fururot frå gamle stubbar, som byrjar å rotne, slik at det berre er alen igjen. Dei lyt spikkast i fliser . og det må ei jerngryte til, som ein stablar veden i på høgkant - så tett at sisle flisene må bankast i. Ein snur dette på haudet, eller med botnen i veret, over ei grop i svaberget. Ein må deretter legge ved over og rundt gryta, og det må heile tida vere god fyr, men ikkje for sterk varme. .

Rekved som er samla og turka på førehand, er god å fyre med. Slik blir tjøra ferdig nede i berghola, men ho må sti ei stund for å skilje ut tjørelogen.

Så til båten..

Når alle vermerkje sant flo stemte, tok dei båten ut på brebenken.- det var to stokkar på tvers av båten, oppbygde i passe høgde og snudde aust-vest. Båten måtte liggje sør-nord!

Båten vart kvelvd på brebenken, men måtte ikkje snuast i lause lufta. Eine ripa måtte ha kontakt med benken, elles kunne det få alvorlege fylgjer når ein skulle sigle! No er båten klar til vidare arbeid.

Dei ei råd for å lette skrapinga. Ei stor gryte med vatn vart kokt. Det vart lagt sekkar eller gamle segl over båten og slege kokande vatn over. Då mjukna den gamle smurninga og vart lett å skrape.



(Teikning: Sveinung Vemøy)

Tilbake til sjølve breiinga. Ei blanding av tjøre og lyse. - blandingsforholdet like mykje til kiv då som no. Eg har lese at på nye båtar brukte dei mest lyse, for for då vart det blanke båtar og trefargen kom fram. Men di eldre båten var, di meir tjøre. Blandinga vart varma til tyntflytande, og gjeme tilsett ein neve grovsalt, for at det ikkje skulle ta fyr og eksplodere.

Båten vart varma i sola. So var det berre å bre, først utvendig, so innvendig. Skorne, hesteselen og kista på nausthjellen fekk også eit godt strøk, om der vart nok tjøre.

Blei det regn under prosessen, so måtte det krisehjelp til,- for då vart karane arge! Her er det at ei god ball-gryte kjem best til nytte, kokt av kjærleg kvinnehånd... og med god middagskvild etterpå. Berre det staggja sinne og sorg over regnet. Hadde slike rådgjerder vore kjende i dag, hadde det vore ball mest kvar dag, slik veret var i sommar..

Til den nyare tid. I dag får vi smurningar som er best for mannen, men tvilsame for båten. "Båtfornyaren". "Gammel båt blir som ny". "Gjør båtpusen til en lek!"... Kor djupt skal ein sunnmøring søkke?

Er det nokon som har prøvd å få ut nygla når båten er mest halvfull av vatn? Om lag umogleg

Eg har kjensle av at vatnet er komme opp under toftene når det gjeld å ta vare på gammal båtkultur, stell og smurning.

Når det gjeld smørjemetoder i nyare tid, må ein då finne ei smurning som ein har tru på, for då blir i alle fall arbeidet best!!
Dekksolje frå Jøko, tynna i terpentin kan nemnast.
Samt å fylle opp treverket med terpentin og eitt eller to strøk med god lakk, er og brukbart. Til skraping kan nyttast varmpistol og ei god skrape.
Meir skal eg ikkje seie for ikkje å drage på meg vreide...

-----0-----

(OCR scanning frå årbøker for 1992 og 1993 av Per Arne Aursnes)



Olav O. Løseth er fødd i Ramstaddal i 1915. Han er gardbrukar. Farfaren til Olav vart 96 år, men var klår til det siste. Han fortalde mykje frå gammal tid. Olav er interessert i lokalhistorie, og har skrive ned soger og segner, både etter farfaren og etter andre kjelder.

Ramstaddal - Grenda vår

AV OLAV LØSETH (Klipp frå Årbok)

Melodi: Tordenskjoldvisa

Vil du høyre på ein song
om livet som har gått sin gong
i denne stille grenda vår
om no, og i dei farne år?

Kring grenda rundt på kantar tre
stend høge fjell «å jøje me»,
men heldigvis vi ser mot nord
den djupe, breie Storefjord.

Og fjorden ligg der djup og brei
med mykje torsk og sild og sei
og mangt eit fiskemål på bord
vart henta frå den rike fjord.

Løsethorn du stend så traust
frå deg er utsyn rik og raust.
Vi ser og ser frå syd til nord
Vi ser deg fagre moderjord.

Og vatnet midt i grenda låg
så alle kringom det dei såg
kor sjeldan fint og flott her var
i dei gode gamle «dar».

Og vatnet gjør som vatnet skal
det laga digert fossefall
og det vart eitt av beste slag
for den kjende Ramstadsag.

Her vaks det kjempéfura stor
det viser store bakstebord.
Av same furustokk der er
fem bakstebord i grenda her.

Litt lenger syd og aust og opp vi
kjem til Ausekarets topp og ser
så vidt og du kan tru vi ser
minst kyrkjesokner sju.

Og timber fløyta vart i flokk
bort til Timbrestø på Klokk.
Der tok dei det og drog på
land,
og kørde det med hest og
mann.

Ramstaddal du gamle grend
med «Grettenes» og «Hodnelend»
og «Båthaugen så vid og brei
vi ser han nær og langa lei.

Og segna ho fortel oss det
at grenda har forandra seg.
og at eit vatn så stort og gjævt
det var til timberfløyting hævt.

På Ramstadsag vart plank og bord
til byggverk på hollendar jord.
Dei materialar kjøpte her
og seila heim og bygde der.

Men saga skaut til slutt dei burt
fordi dei vart så kraftig lurt
av ein styggens fantekar
som etter pengar grisk han var.

Men så ein gong tok vatnet slutt
for flaumen reiv det heile ut
med bulder og med brak det for
og enda i den store fjord.

Og midt i dal renn elva vår
som ho har rent i mange år.
som oftast lita, still og svak
men no og då med bulder, brak.

Og når elva veks seg stor,
vert det oftast fisk på bord,
av diger laks og masse pjakk
Å du! Å du! Og tusen takk!

Og segna den fortel oss det
som eg gjere her tek med
at etter svartedauden var
her att ei kvinne og ein kar.

Dei einaste som her var att
Dei andre hadde sotta tatt.
Dei sine pjalter slo i hop og
sidan fatt på livet tok.

Lat oss også gi litt akt på den
kjende Ramstadjakt som med
årer, seil og ror
pløgde havets bølge stor.

Ramstadjakt med rigg og seil
tok av leia aldri feil
men seilte stadig vekk på ny
opp til Trondheims store by.

Ved Murteberg vart masta reist
det store, tunge, høge beist.
Men opp ho kom med kav og mas
og jekteskipper var han Lars.

Av spekekjøtt og smør og ull
dei lasta jakta riktig full.
Og bytte bort i salt og korn
og kom so att til heim og born.

Gamle dagars tronge kår,
var her og i grenda vår.
Du arbeid, pengar lite sjå
var glad du fekk ei mataså.

Då mange unge reiste ut
sterke, friske, jente, gut.
Til Amerika dei for
frå fedrelandet, far og mor.

Her mang ein kjempekar har bodd
forteljer segn og fedres ord.
No ligg for lengst dei i si grav
som stridde djervt på land og hav.

Og segner har vi mange av
Og helst dei kjem i eldres lag
der praten går om gammal tid
om hende rundt i bygda mi.

Lat meg nemne nokre få
som har sett litt farge på
livet i ei lita grend
og i mange minne stend.

Monsen var ein artig fyr
åt hestekjøtt og store-lyr.
Men best for han var rjomegraut
derfor var han stor og staut.

Gubben Lars var ein kraftig kar
dertil var han gløgg og snar
i Storvardli han høgde skog
og lempa utfor bratte flog.

Sivertsen på Kvelvet låg
og derfrå han så grufullt såg
hans kameratar sokk i hav
og fekk si djupe, våte grav

Og Bendik lyfte kjempestein
så andre berre stod og flein.
Og Ole Pettersen, må tru
han som bar ei vaksa ku.

Mange fleire sku eg nemnt
som Løset-Knut og Rabbe-Bernt
og gamle Sivert Lukkedal,
han var ein ekte original.

Men lat no desse vere nok
av den heile samla flokk,
som har budd i denne grend
som ikkje var så vide kjend.

Mange rare namn vi har:
frå Plittegrov til Ausekar
frå Sundagshaugane i vest
til Boltifjell med vardar mest.

Trætteslætte vert sjeldan nemnt,
Raudegeita betre kjend.
Gråtarurane ligg skjult
av sand og grus er overfylt

I Fasteindalen ta ein tur,
sjå Svødene og Middagsur
og endå høgare du sjå
Barbråtua høgt å stå.

I Geiddekloven smal og bratt
vart siste bjøm i snare tatt
og Blådalen så bratt og trong
skal og bli med i denne song

Nausa fer du fort forbi
Høgt og fritt ligg Ferselid
Kråkenes sku eg kanskje nemnt
og Espeberg så vide kjent.

Fasteinvoll og Snøbreli
har vi høyrte om all vår tid.
Seljeflæme og Børnenakk
Fleskefærne og Furubakk.

På Jakophjell og Kjørelmyr
er det få som no held styr
Blådalsegg og Kyrfonnes
Bukkeflåhjellen og Kjiflånes.

Frå Klimpene til Storsteinskar
trengs ti minutt om du er snar
og om ein time raskt du gå du på
Vardefjellet stå.

Men bruk no godt din fantasi
og giss kvar ligg vel Øvstesti
Trompen, Aksla og Storeskyle
og så Geithaug og Fersene.

Lyrhellar og Raudeflær
Krustø, Bugnes er også der
Ansokdal vi også ser
og Storefjell med endå meir.

Blånebbe og Blåfjellskog
lunt og fagert mot meg log
Simoskar og Bjønnkinnhaug
og Skitnelia, det blaute smaug.

Reitemyr og Ryingstårn
Skrubbehaug og Lillehorn.
Lukkedalsnakk kor stolt han står
- utsyn over grenda vår.

Pina, Koftne, Løfsehamn
- også sjeldne, rare namn
og endeleg ta med to fjøretroll
Løkjingsgrovnaset og Gulekoll.

Men lat no ikkje han stå att:
Hesthammaren, så stolt og bratt
med Hegreflå og Kolda svart
og Myrbærholt, så fin og bjart.

Årsetvatnet gløym kje det
no vi drikk det i kaffi og te
Før det rann i hav så fritt,
no er det temt til ditt og mitt.

Orreneset, ei perle for seg
du sjeldan ser på din vide veg.
Eit fyrlys det er og vere skal
no i dag, og i framtid all.

Ved Nysetervatnet det ligg så fint
med utsyn, så at du blir mint
om livets rike, rause flør
på denne uendeleg vakre jord.

Vi har fare på kryss og tvers
og sauma i hop desse stakkars vers
om folk og namn og vendingar,
om grendas mange hendingar.

Massevis av namn stend att
som her ikkje med er tatt.
Men alle namna, fjern og nær
dei fortel oss kvar vi er.

Ramstaddal, du gamle grend
du i våre minne stend
Trass i kav så mang ein gong,
du er støtt vår lune song.

Mang ein sliten dalamann
på gods var liten, fattig, arm.
Tappert streva han si tid.
Vi minnest her hans kamp og strid.

Så sluttar vi vårt vesle kvad
og veit at vi er hjarteglad
i denne vakre grenda vår.
Gud sign ho Du - i alle år.



